

23.02.10

Til

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen



Gjeld ynskje om møte i samband med oppfølging av stortingsvedtak 349 av 27.05.09

ISAAC Norge er kjent med at Kunnskapsdepartementet arbeider med å vurdere endringar i opplæringslova, slik at Stortingsvedtak 349 av 27.05.09 vert oppfylt. ISAAC Norge vil gjerne vere med og påverke slik at rettane for ASK- brukarane som vert sikra i lovverket, er best mulege, og vil derfor be om eit møte med kunnskapsministeren og dei som arbeider med oppfølginga av stortingsvedtaket.

ISAAC (International Society for Alternative and Augmentative Communication) er ein internasjonal organisasjon som har som mål å arbeide for at personar med kommunikasjonsproblem skal ha reell muligheit til å nytte alternative og supplerande kommunikasjonsformar (ASK) i kvardagen sin. ISAAC Norge arbeider for at alle personar med trong for å nytte ASK i kommunikasjonen sin med andre, skal bli likestilte i retten til eit alternativt og supplerande språk og å nytte sine kommunikasjonsformar. ASK- brukarane er barn, unge og vaksne som uttrykker seg på andre måtar enn berre gjennom tale. Dei kan mellom anna nytte blikkpeiking, handteikn, bilde, symboltavlar og talemaskinar. Mange forstår tale, men har ikkje tale som sin hovudkommunikasjonsform. For desse vil ASK vere deira uttrykksmiddel på line med teiknspråk for døve. Ein del vil også ha mangelfull forståing av talespråk, og for desse vil ASK vere viktig for å fremje og styrke deira forståing og uttrykksevne.

ISAACNorge veit mykje om behova til ASK- brukarar, om korleis situasjonen er for dei i dag, og kva som skal til for at dei skal bli sikra rett til opplæring i og på ASK. Vi vil derfor gjerne bli tatt med på råd! Vi er optimistiske, og har tru på at ASK- brukarar gjennom endring i opplæringslova endeleg kan få sikra rettane sine til opplæring i og på ASK.

I FN konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne, er ASK definert som språk, og rettighetene til bruk av og opplæring i ASK er nedfelt m.a. i artikkel 2, 21 og 24. I lys av dette er bruk av ASK ein menneskerett, og diskusjonen må ikkje lenger vere

om dei som treng det skal få rett til opplæring i og på ASK, men korleis denne retten gjennom lovane skal sikrast for at dei som treng det skal sikrast likeverdige vilkår med andre.

Det er naudsynt med ei endring i opplæringslova, slik at retten til opplæring i og på ASK vert lovfesta for alle som etter sakkunnig vurdering har trong for dette. Vi meiner at det beste vil vere ein (evt. fleire) lovparagraf(ar) for denne gruppa. Foreldre og andre nærpersonar må få opplæring i ASK for å kunne kommunisere med barna sine. Deira rett til opplæring i ASK må sikrast gjennom lovverket på lik line med retten som familiane til tegnspråkbrukarar har.

Ein lovfesta rett til ASK som språk vil krevje at undervisningspersonale i barnehage og skule har tilstrekkeleg kunnskap om og innsikt i ASK som språk. Departementet sine forskrifter må gjere til at ASK kjem inn i fagplanar på høgskule og universitetsutdanningar slik at ASK-brukarar får tilgang på kompetente lærarar. Dei må og sikrast tilpassa og naudsynt undervisningsmateriell, og hjelpemiddel som gjer dei i stand til å kommunisere med omgjevnadane. Naudsynt opplæring i bruk av hjelpemiddel må og sikrast. Alt dette er ein føresetnad for livskvalitet og deltaking og for å få ei likeverdig og tilpassa opplæring.

ISAAC Norge ber om eit møte for å kome med sine innspel i arbeidet med opplæringslova. Vi håpar på positivt svar. Tilbakemelding kan sendast på e-post til Torunn Borgersen eller Jenny Hysing.

Helsing
ISAAC Norge

Torunn Borgersen, leder

trb@markvn10.com

Jenny S. Hysing, rettighetsgruppa

jenny.sorterup.hysing@statped.no

Kopi: Statssekretær Lisbet Rugtvedt

